



Austevoll kommune

MØTEINNKALLING

Utval: TENESTEUTVALET
Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN
Møtedato: 07.04.2010 Kl. 16:00

Eventuelt forfall skal meldast til tlf. 55 08 10 00 Offentleg servicekontor.
Varamedlemar møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.
Møte er ope for tilhøyrarar.
Saksdokument er lagde ut til offentleg gjennomsyn på Offentleg servicekontor.

SAKSLISTE

Sak nr.	Saktittel
007/10	GODKJENNING MØTEBOK TENESTEUTVALET 3. MARS 2010
008/10	REFERATSAKER
009/10	SITUASJONEN FOR LEGETENESTA I AUSTEVOLL, NO OG I FRAMTIDA
010/10	ENDRING AV NAVN PÅ STOREBØ PLEIE- OG OMSORGSENTER

Storebø, 29. mars 2010

Torfinn Grav (sign.)
Leiar

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
007/10	TENESTEUTVALET	07.04.2010	Astrid Norunn Fagerbakke

Arkivsaknr. 10/496	Arkiv: FE-
--------------------	------------

GODKJENNING MØTEBOK TENESTEUTVALET 3. MARS 2010

Rådmannen si tilråding:

Møteboka frå møte i tenesteutvalet 3. mars 2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
29.03.2010	Møteprotokoll Ten 03.03.2010

Bakgrunn for saka:

Møteboka frå møte i tenesteutvalet 03.03.2010 er lagt ut på heimesida www.austevoll.kommune.no.

Vurdering:

TENESTEUTVALET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 03.03.2010

Møtetid: Kl. 16:00 –

Møtestad: SELBJØRN SKULE

Saknr.: 001/10 - 006/10

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Grete Hammervold	Frp	Narve Møgster	Frp
Renate Møgster Klepsvik	”	Anne Kathrine Drønen	”
Torfinn Grav	Krf	Eli Torgnæs Sæle	H
Ingrid Vågen	Sp		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte
Ronald Persen	Frp	
Helge Otterå	”	
Andreas Risøy	Ap	
Ingunn Berge Vik	H	
Kurt Frank	”	

Møteleiar:	Torfinn Grav
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, konst. Helse- og sosialsjef Jofrid Troland og Norunn Storebø som referent.
Utlevert i møtet:	Sak 05/10 U.off.innsyn – vedk skuleskyss. Vedlegg til sak 06/10 Bpa-odning
Merknader:	Ingen merknader
Innkalling:	Ingen merknader
Synfaring:	Selbjørn skule
Diverse:	

Underskrifter:

Torfinn Grav

Grete Hammervold

Renate Møgster Klepsvik

Ingrid Vågen Duesund

Narve Møgster

Anne Kathrine Drønen

Eli Torgnes Sæle

001/10: GODKJENNING MØTEBOK FRÅ TENESTEUTVALET 15.12.2009

Vedtak:

Møteboka frå møte i tenesteutvalet 15.12.2009 vert godkjent slik ho ligg føre

002/10: POLITISK KVARTER

Handsaming i møtet:

Narve Møgster: Ynskje om at møteplanen vert justert i forhold til skuleferiar då det vart stort forfall av faste medlemar.

Ingrid V.Duesund: Kva er gjort i forhold til ny grupper som skal inn i bedrifthelseteneste frå 01.01.10?

Rådmannen svara: Kostnaden er lagt inn i budsjettet. Avtale er klar for at fleire grupper skal få vera med.

Renate Møgster Klepsvik: Takkar for flott omvisning! Rosar rektor/tilsette for å vere svært kreativ med hensyn til å finne løysingar! Men er det reglar for kor mange elevar med hensyn til deling av klasser/grupper eller når fleire klassar i lag?

Rådmannen svarar: Det er reglar for dette. Opptil den einskilde skule med hensyn til midlar den einskilde skule har til rådighet, korleis ein organiser dette. Maks elevtal er mindre enn 28 dersom fleire klassar ilag.

Renate M Klepsvik spør også på kva som vert gjort i skulen då mobbing er eit svært aukande problem. Ho vil anbefale organisasjonen MOT som har svært gode opplegg med henyn til f.eks holdningsendring. Har ein tenkt å gå inn på eit slikt arbeid?

Rådmannen svara: Det er laga planar på alle skulane med hensyn til mobbing. I ungdomskulen er elvane med på inspeksjon både som syneleg og usynlege. Rådmannen har også kalle inn ei gruppe som består bl.a av helsesøster og representantar frå barne og ungdomsskule som skal jobba med førebygging. Skal diskutere bl.a. om ein skal nytte ulike program.

Rektor var spurt korleis ein jobbar med mobbing ved Selbjørn skule.

Rektor svarar: Det ei enorm utfordring! Det er laga handlingsplan. Er fast tema i klassen. Fadderordning. Det er tema på sosial læreplan, vekeplanen, på foreldremøter, i elevrådet. Har også ulike tiltak og aktivitetar i klassane.

Leiar Torfinn Gray: Spør om kommunen har utnemnt medlemar til Hordaland barnevernsamband? I samband med det er han fått ei innkalling til seminar og årsmøte 25.03 i Bergen. Fagfolk/barnevern og politikarar/tenesteutval bør delta. (Utsendingar etter folketal) Tenesteutvalet ynskjer å vere representert på årsmøtet og særleg seminaret i forkant, med 2 representantar. Administrasjonen skal sjekke opp om det er valt representantar allereie og gje tilakemelding med hensyn til påmelding/deltaking.

Det vart opplyst i møte om aukande tal på barnevernsaker i Austevoll og det er forlite ressursar/stillingar i barnevernet, dermed stort arbeidspress. Lite ressursar grunna

økonomien/uderskotet til kommunen. Vart diskutert om terskelen er lågare til gje bekymringsmelding til barnevernet no enn tidlegare. Kom mellom anna fram at dersom ein kjem tidlegare inn i ei sak får saka mindre omfang og ein brukar minder ressursar (kostar mindre) Brukar mykje meir ressursar dersom ein kjem seint inn..
Bryt ein lova? Har tidlegare gått inn med midlar for å ikkje bryte lova. Barnevernleiar jobbar med kor lang tid ein brukar på dei ulike sakene.
Rådmannen har jamnlege møter med barnevernleiar.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

003/10: REFERATSAKER

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

004/10: UTBYGGING OG REHABILITERING AV SELBJØRN SKULE

Vedtak:

1. Rådmannen får delegert mynde til å nytta kr 500 000 til prosjektering av rehabilitering og utbygging av Selbjørn skule av midlar som er sett av til budsjett 2010 til investering.
2. Kommunestyret peikar ut 2 politikarar, utanom rektor, til ei prosjektgruppe for utbygging/rehabilitering av skulen.

005/10: VEDRØRANDE ØKONOMISK KOMPENSASJON I SAMBAND MED SKYSS TIL KOLBEINSVIK SKULE, SKULEÅRET 2009 - 2010

Handsaming i møtet:

Forslag frå Frp v/Renate Møgster:

Kommunen dekkjer kostnadane med skuleskyss tilsvarande kostnadane frå Vinnes til Selbjørn skule for skuleåret 2009/2010.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunen dekkjer kostnadane til skuleskyss tilsvarande kostnadane frå Vinnes til Selbjørn skule for skuleåret 2009/2010.

006/10: BRUKARSTYRT PERSONLIG ASSISTENT

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak:

I tillegg til rådmannen si tilråding:

Administrasjonen legg fram ny sak til tenesteutvalet når konkurransegrunnlaget/anbudskriteriane er utarbeida.

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at ordninga Brukarstyrt personleg assistent (BPA) vert lagt ut på anbod.

2. Administrasjonen legg fram ny sak til tenesteutvalet når konkurransegrunnlaget/anbudskriteriane er utarbeida.

Rett utskrift:

Norunn Storebø

Saksframlegg

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
TENESTEUTVALET	07.04.2010	008/10	ANF

Avgjerd av: Saksansv .: Astrid Norunn Fagerbakke	Arkiv: TI-&17 Objekt:	Arkivsaknr 10/725
--	--	-----------------------------

REFERATSAKER

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	09/10564	S	23.03.2010	Kommunestyret Sak 28/2010	UTBYGGING OG REHABILITERING AV SELBJØRN SKULE. Samrøystes vedtak: Til å vera representanter saman med rektor vart vald Grete Hammervold og Ove Fagerbakke.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
046/10	FORMANNSKAPET	06.04.2010	Rolf E. Nøstdal
009/10	TENESTEUTVALET	07.04.2010	Rolf E. Nøstdal
	KOMMUNESTYRET	27.04.2010	Rolf E. Nøstdal

Arkivsaknr. 09/823	Arkiv: FA-G21
--------------------	---------------

SITUASJONEN FOR LEGETENESTA I AUSTEVOLL, NO OG I FRAMTIDA

Rådmannen si tilråding:

1. Austevoll kommune skal ha ein legebemanning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.
2. Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær.
3. Austevoll kommunestyret vedtek at ein på sikt skal ha eit helsesenter i tilknytning til Storebø pleie- og omsorgsenter. Planlegging av det nye senteret skal starte opp i løpet av 2012.

Vedlagte saksdokument:

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har i sak 139/09 vedteke følgjande: *Kommunestyret vil tidleg i 2010 sjå på organiseringa av legetenesta og vurdere forhold som legestruktur, tal på legeheimlar osv. Sak om dette vert fremma til politisk handsaming første kvartal.*

Følgjande bør vurderast:

- Tal leger
- Tal legesekretærer
- Lokalisering av legane
- Privatisering
- Økonomi

Legestillingar

Austevoll kommune har 4,5 stillingar som lege inklusiv turnuslege. Kvar lege som arbeider 100% kurativt kan ha 1500 listepasientar. Ein av legane hos oss har fellesliste (saman med turnuslege) og har derfor 1680 på sin liste. Dei andre legane har varierende listelengde. I Austevoll kommune har vi i dag 481 ledige plasser på listene. Dersom alle legane arbeidet bare kurativt har vi nok legestillingar til å dekke kommunen sitt behov for leger. I denne konklusjonen er ikkje vaktbelastning tatt med.

Ut over kurativt arbeid har legane følgjande arbeidsoppgåver:

- Tilsynsarbeid på sjukeheim
- Helsestasjonsarbeid
- Smittevern
- Legevaktsordning, planlegging og administrering av akuttmedisin og helsemessig beredskap.
- Organisering og leing, inkl. kvalitetssikring, og kunnskap om helserett, dessutan arbeid med helsestatistikk/epidemiologi.
- Tverrfagleg arbeid, samarbeidsmøte
- Oppgåver innan miljøretta helsevern/samfunnsmedisin

I teorien har legane hos oss 4 delt vakt. Ein lege er fritaken for vakt pga. alder i h.h.t. avtaleverk. I praksis har legane ein større vaktbelastning fordi vi i løpe av eit år svært ofte ikkje har 4 leger til stades for å dele vakta.

Legane har overtid gitt tilbakemelding på at vaktbelastninga er for stor. Dette kan vere ein av årsakene til at vi har stor utskifting av legar. For å få legekabalen til å gå opp har vi dei siste åra brukt mykje pengar på å leige inn dyre vikarar. Dette er ikkje ein god løysing verken for pasientar eller kollegar.

Legane har lenge vert klar på at kommunen må tilsette ein femte lege. Spesielt er det viktig å få ned vaktbelastninga. Fleire av legane vurderar å slutte dersom vaktbelastninga ikkje blir mindre i løpet av kort tid.

Frå våre legar er det signalisert at Samhandlingsreforma kan føra til at vi på sikt kanskje må ha 7 legar i kommunen. Det er også under vurdering å redusere tal pasientar frå 1500 til 1000 pr. lege..

Rådmannen si vurdering

Over lang tid har legane gitt tilbakemelding på at vaktbelastninga er for stor. Vi har hatt stor utskifting av legar og brukt mykje pengar på å leige inn legevikarar. Austevoll kommune bør derfor ha 5 legar som deler på vaktene.

Legesekretærar

Vi har i dag 2,8 kommunale årsverk som legesekretærar. Legane og legesekretærane har over fleire år påpeika at det er for lite ressursar på legekantoret. Det er ingen fastlagt norm på hjelpepersonell til legar, men mange hevdar at ein lege må ha mellom 80% og 100% stilling som hjelpepersonell for å drive effektivt. Lege Sverre Rørtveit meiner at ein minimum må ha 4,2 stilling som legesekretær.

Rådmannen si vurdering

Forhold mellom tal legar og legesekretærar vil kunne endrast med tal legar. Dersom vi har lav dekning på legar må vi ha hjelpepersonell nok til at legen til ein kvar tid kan drive kurativt mest mogleg effektivt. Ved 5 leger på ein befolkning på 4600 har vi god legedekning og rådmannen meiner derfor at forholdstalet mellom lege og legesekretær, vil kunne vere

lågare enn ved til dømes 4 legar. Ved samlokalisering av legetenesta, vil ein også kunne drive meir effektivt enn i dag. Rådmannen er samd i at vi har for svak bemanning av legesekretærer og at på sikt må bemanninga aukast.

Lokalisering av legane

Dersom vi ser 5 til 10 år fram i tida bør alle legane vere lokalisert på eit nytt helsesenter. Helsesenteret bør være lokalisert i tilknytning til Storebø- pleie og omsorgssenter. Med samhandlingsreforma vil det vere uheldig ikkje å ha legane i nærleiken av pleieheimen. Ambulansestasjonen vil også bli plassert i nærleiken av Storebø. Våre legar deler også dette synet.

Fram til nytt helsesenet er bygd har vi fleire alternative løysingar:

- Legekontor på Storebø, Hundvåkøy og i Bekkjjarvik
- Legekontor på Storebø og i Bekkjjarvik
- Samle legekontora midlertidig til dømes i lokalane til sjukeheimen på Selbjørn.

Lokalane på Selbjørn vil kunne bli brukt som legekontor for alle legane. For å få dette til må ein investere i ombygging. Rådmannen har ikkje rekna på kva dette vil koste. Ut i frå at rådmannen og legane er einig i at den framtidige strukturen bør vere å samle legetenesta på Storebø, vil rådmannen ikkje tilrå at vi i ein overgangsperiode flyttar legane til Selbjørn.

Rådmannen si vurdering:

Når økonomien tilseier det bør nytt helsesenter bli bygd i tilknytning til pleieheimen. Inntil ein har fått gjort det bør ein oppretthalde legekontor i Bekkjjarvik og på Storebø. Ein må finne midlertidig løysing slik at kommunen kan ha 5 legar slik at vaktbelastninga blir redusert.

Privatisering

Ingen av legane ønskjer at vi skal privatisere legetenesta. Dette skulle indikere at det ikkje vil vere lettare å få stabile legar ved å gå bort frå den praksisen som vi har i dag. Legane er i dag næringsdrivande på vakt, men kommunalt tilsett i sin praksis på dagtid. Dette gjelder alle bortsett frå ein av legane som har ein eigen ordning.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vil ikkje tilrå at vi bruker tid på å utgreie dette.

Økonomi.

Bruttokostnadene for ein lege er på ca. kr 970.000 og med det tal legar som vi har i dag er innteninga pr lege på ca. kr 500.000. Rådmannen vil anta at innteninga pr lege vil gå noe ned dersom ein tilsetter ein lege til. Pasientgrunnlaget tilseier at tal konsultasjonar pr. lege vil bli mindre med fleire legar. Dette førar til at nettokostnadene vil bli noe høgare. Austevoll kommune har i budsjett 2010 satt av kr 500.000 til innleie av legar. Dersom ein vidarefører desse midlane, vil det ikkje føre til store nye kostnader å tilsette ein femte lege.

Vurdering:

Over lang tid har legane meldt frå om at vaktbelastninga er for stor. Dette er nok ein av grunnane til at vi har stor utskifting av legar. Etter rådmannen si vurdering bør vi tilsette ein ny lege slik at det er 5 leger som deler på vaktene. Ved kortare fråver av ein lege som til dømes ferier, kurs m.m. vil vaktbelastninga vere 4 delt vakt. Ny lege bør tilsettast frå januar 2011 under føresetnad av at kontorforholda er tilfredsstillande for legetenesta. Rådmannen vil setje ned ein arbeidsgruppe for å sjå på alternative løysingar. Då dette er snakk om mellombelse løysingar er det viktig at løysingane blir gjort rimelegast mogleg.

Austevoll kommune har får lav ressurs for hjelpepersonell (legesekretærer). Auking av tal stillingar, bør vurderast i samband med budsjett 2011.

Framtidig lokalisering av legane bør vere i eit nytt helsesenter i tilknytning til Storebø pleie- og omsorgssenter. Ein bør starte planlegging av dette seinast i 2012.

Rådmannen vil tilrå at Austevoll kommune framleis skal ha kommunalt tilsette legar.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
010/10	TENESTEUTVALET	07.04.2010	Jofrid Troland
	KOMMUNESTYRET	27.04.2010	Jofrid Troland

Arkivsaknr. 10/565	Arkiv: FE-
--------------------	------------

ENDRING AV NAVN PÅ STOREBØ PLEIE- OG OMSORGSENTER

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre vedtek at ein i samband med samanslåing av sjukeheimane, gjer det nye tilbodet namnet Austevoll pleie- og omsorgsenter.

Vedlagte saksdokument:

Bakgrunn for saka:

I vedtak av 17.12 2009 vart det bestemt at dei to eksisterande sjukeheimane i Austevoll kommune skulle samlast på Storebø, under Storebø pleie- og omsorgsenter.

Vurdering:

I samband med samanslåinga vil den nye sjukeheimen i Austevoll gje eit tilbod til alle innbyggjarar i Austevoll kommune, uavhengig av kvar dei bur i kommunen. Tilbodet vil bli sentralisert, og det vil vere naturleg i denne samanheng å gje senteret nytt namn som inkluderar heile kommunen. Det føreligg forslag om Austevoll pleie- og omsorgsenter.